



Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Dato: 29.09.2015  
Vår ref.: 2015/8210-4  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.: 15/2109-15/17133

## **Kulturminnefagleg fråsegn - søknad om bygging av skogsbilveg på Ådland i Meland kommune - revidert kart over planlagt vegtrase**

Viser til brev av 29.07.2015 med sak til fråsegn og vårt brev datert 31.08.2015 med varsel om kulturhistorisk synfaring. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Den 10.09.2015 gjennomførte arkeolog frå Hordaland fylkeskommune ei synfaring i det aktuelle arealet saman med Meland kommune v/Marius Knudsen og Eirik Utne og FanAgro v/Ove Frotvedt. Det aktuelle området vart vurdert til å ha lågt potensiale for funn av hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne. Det er difor ikkje trong for å gjere ytterlegare registreringar i området.

Den omsøkte landbruksvegen er tenkt om lag 60 m sør for ei gravrøys frå bronsealder/jernalder (Askeladden id. 25513). Føremålet med å bygge vegen er å ta ut skog i det aktuelle området. Hordaland fylkeskommune krev difor at alt anleggsarbeid og hogstarbeid vert gjort på ein skånsam måte i område med kulturminne, og at grensa mot kulturminnet, med sikringssone på 5 m, vert tydeleg markert under opparbeiding av feltet i samband med vegbygging og under hogst. Trær som veks i gravminnet må takast ut manuelt, og det skal ikkje plantast på gravrøysa eller i sikringssona. Det må ikkje kjørast eller brukast hogstmaskin nærare enn 10 m frå sikringssone på gravrøysa, og alt tiltak som er egna til skade på kulturminnet må reduserast. Det må ikkje fallast trær over kulturminnet under hogst.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*